



Frode Alexander Harrison
Hoplandsvegen 133
5919 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1528 - 19/15843

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

12.07.2019

Godkjenning - søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot kommunal veg - gbnr 15/26 Hopland

Administrativt vedtak. Saknr: 158/2019

Tiltakshavar: Frode Alexander Harrison

Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter veglova § 29, 30 og 34

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 09.07.19 om dispensasjon frå byggegrense langs kommunal veg for plassering av byggverk (garasje/carport). Søknaden gjeld oppføring av garasje/carport, med ein avstand til kant kommunal veg på ca. 4,0 m.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område. Eigdommen gbnr 15/26 er bygd med bustad.

Vurdering - forhold langs veg

Etter veglova § 29 er byggegrense frå kommunal veg 15 m. Kommunen kan etter veglova § 30 gje løyve til plassering av byggverk innanfor byggegrensa. Garasje/carport vil ikkje hindre sikt langs vegen. Tiltaket skal også plasserast utanfor frisisiklinje til avkøyrsel. Kommunen vurderar at muren ikkje vil ha negativ påverknad på trafikktryggleiken eller vere til hinder for drift og vedlikehald langs vegen.

Vedtak

«Med heimel i veglova § 30 og § 34 gjev Meland kommune løyve til oppføring av garasje/carport på gbnr 15/26 Hopland langs Hoplandsvegen.

Vilkår for løyvet:

- *garasje/carport skal plasserast i tråd med teikningar og situasjonsplan i søknad mottatt 09.07.19.*
- *Snuareal skal opparbeidast på eigen grunn, rygging skal ikkje skje i kommunal veg.*

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Arbeidet må vere påbegynt innan 3 år frå løyve er gjeve, elles vil løyve falle bort.»

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar klagar ønskjer. Klagen bør grunngjevast.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar Byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

dispensasjon-2015-signed
Søknad om dispensasjon frå byggegrensa i veglova
Kart

Mottakarar:

Frode Alexander Harrison

Hoplandsvegen 5919
133

FREKHAUG